

02/718

20.02.06, DELEGASJONSVEDTAK KOMMUNALTEKNIKK, MILJO OG LANDBRUK.

Saksutgreiing:

Det er søkt om løyve til å føra opp eit naust på 10 x 6.5 meter, og i reviderte teikningar stempla og motteke 07.02.06 skal det vera eit lite vindauge på fasadesida mot sjøen, med inngang til loft på baksida. Mønehøgda vert 7 meter, og det skal vera gangveg via trapp på nordsida for andre som ønskjer å koma til det felles strandområdet nord for omsøkt naust.

Vurdering:

Sidan det er gjeve dispensasjon for omsøkt tiltak er saka no kurant å handsama av administrasjonen. Det er heller ikkje kome klage på dette tiltaket. Bygningen kan difor godkjennast på vanlege vilkår om at den ikkje skal brukast til varig opphold.

Det vert berre knytt ansvarsrett til utføring og kontroll av utføringa. R. Valle Maskin AS har søkt om ansvarsrett for terrengarbeidet (UTF/KUT), medan Bygg og Tømrerservice har søkt om utføring av tømrararbeidet (UTF/KUT).

VEDTAK:

” Meland kommune godkjenner i medhald av plan- og bygningslova sin § 93a omsøkt naust på vilkår om at det ikkje skal innreiast eller nyttast til varig opphold.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova så framt det ikkje er gjeve unntak.

Søknad om ansvarsrettar for utføring og kontroll av utføringa vert godkjent i medhald av kap. XVI om ansvar og kontroll m.m., jf. forskrift om føretak for ansvarsrett.

Innbetaling av kommunale gebyr må gjerast før tiltaket vert påbyrja.

Saka er handsama og godkjend administrativt i medhald av delegert mynde.

Om rett til å klaga, sjå vedlagde orientering (forvaltningslova § 27, tredje ledd). ”